

Protokoll: Årsmøte i Seniornett Førde 13. mars 2025

Møtestad: Førdehuset Musikkrommet

SAKLISTE

Sak 0: Opning av årsmøtet 2025 ved styreleiar Knut Johan Mikkelsen

Leiaren ønskte velkommen til møtet. 27 fram møtte

Sak 1: Godkjenning av innkalling og sakliste

Merknader: e-post med innkalling til årsmøtet var ikkje mottatt av alle.

Sak 10 blir tatt før godkjenning av budsjett.

Sak 2: Val av møteleiar

Arne Sandnes vart vald

Sak 3: Val av skrivar

Egil Nestande vart vald

Sak 4: Val av to medlemmer til å skrive under møteboka saman med møteleiar

Ann Lundekvam og Birte Bjørbæk Stensrud vart valde

Sak 5: Styrets årsmelding for 2024

Møteleiaren gjekk detaljert gjennom årsmeldinga.

Kommentarar: Spørsmål om kva vi kan gjera for å få fleire medlemmer. Leiaren peikte på at det kan vera aktuelt å prøve å få med folk som ennå ikkje er pensjonistar? Problemet er at desse framleis er i arbeid og såleis ikkje kan møte til våre kursdagar som går på formiddagen. Andre meinte at det framleis er mange pensjonistar som også kan vera potensielle medlemmer. Kanskje vi kan «invitere» med oss folk vi kjenner som har behov for dataopplæring?

Vedtak: Årsmeldinga vart einstemmig godkjent

Sak 6: Rekneskap og revisjonsmelding for 2024

Kasserar Kurt Grønli presenterte det reviderte rekneskapet.

Rekneskapet for 2024 viser eit underskot på kr 17 129,89. Bokført kapital (bankinnskot) per 31.12 2024 er kr 187 893.34.

Vedtak: Rekneskapet for 2024 vart einstemmig godkjent.

Sak 7: Fastsette kursavgift 2025/2026

Forslag frå styret: kr 350.

Vedtak: Kursavgift for 2025/2026 blir kr 350.

Sak 8: Arbeids- og aktivitetsplan for 2024/2025

Innstilling frå styret: *Styret må i samarbeid med instruktørane utarbeide ny aktivitetsplan for haust 2025 og vår 2026. Samstundes må styret arbeide vidare med Innhaldet i kursplanen, slik at den møter søknadskriteria for studieforbundet.*

Vedtak: Innstillinga frå styret vart vedtatt med visse merknader, m.a. betre kunngjering av våre kurs, og vurdere kursopplegg med andre instruksjonsmåtar enn forelesing.

Sak 9: Godtgjersle til tillitsvalde

Forslag frå styret: kr. 500, dvs. det samme som før.

Vedtak: Styrets forslag om kr 500 vart vedtatt.

Sak 10: Budsjett for 2025

Kasseraren la fram eit budsjett som balanserer med ein sum på kr 116 000,00.

Budsjettet er basert på rekneskapet frå året før og tidlegare. Ein del postar både på inntekts- og utgiftssida er litt usikre, m.a.

Vedtak: Budsjettet for 2025 vart einstemmig vedtatt, og ser slik ut:

| BUDSJETT 2025 | | |
|---|------------|------------|
| | Inntekter | Utgifter |
| Kursavgift | 15 750,00 | |
| Officepakke | 600,00 | |
| Kaffipengar | 45 000,00 | |
| Kurstilskudd Studieforbund | 18 500,00 | |
| Medlemskontigent i Seniornett Norge | 18 500,00 | |
| Norsk Tippemidler - grasrotandel | 6 600,00 | |
| Momskompensasjon | 8 500,00 | |
| Renter | 2 550,00 | |
| Godtgjersle til instruktørar + medhjelpar | | 40 000,00 |
| Servering | | 62 000,00 |
| Ekstern kurs | | 0,00 |
| Utstyr | | 0,00 |
| Godtgjersle til tillitsvalde | | 2 000,00 |
| Reiseutgifter | | 9 000,00 |
| Andre utgifter | | 2 900,00 |
| Finanskostnader (bankgebyr) | | 100,00 |
| Resultat | 0,00 | |
| Sum | 116 000,00 | 116 000,00 |

Sak 11: Val.

Styre:

Leiar: Knut Johan Mikkelsen attval for eitt år
Medlemmer: Kurt Grønli attval for eitt år
Atle Øen ny vald for 2 år
Varamedlem: Helge Kjølstad ny vald for 1 år
Revisor: Jon Gunnar Løland attval 1 år

Valnemnd:

Leiar: Oddny Rosenlid ny vald for eitt år
Medlemmer: Magny Grimeland ikkje på val
Anlaug Midtbø ny vald for 2 år
Varamedlem: Torleif Håland ny vald for 1 år

Vedtak: Alle val vart gjort einstemmig og utan motkandidatar.

Sak 12: Behandle innkomne saker

Styret har meldt inn fleire saker. Sak 12.1 gjeld §6 i vedtektene og sak 12.2 gjeld §11 i vedtektene.

Sak 12.1: Endring av rekkefølge på saklista.

1. Forslag til endring av Seniornett Førdes vedtekter § 6, rekkefølge av saker som skal behandlast på årsmøtet.

Pkt. 10 (godtgjersle til tillitsvalde) og pkt. 12 (Andre saker som er med i innkallinga) må komme før pkt.9 (Budsjett)

Ny foreslått rekkefølge:

Pkt. 9 Godtgjersle til tillitsvalde

Pkt. 10 Andre saker som er med i innkallinga

Pkt. 11 Budsjett

Pkt. 12 Val

Grunngjeving: *Det er ulogisk at årsmøtet først skal vedta eit budsjett, for deretter å kunne komme i ein situasjon der årsmøtet gjer vedtak i saker som gjer at nettopp vedtatte budsjett er ugyldig. Derfor må alle saker som kan påvirke budsjettet komme før budsjettvedtaket.*

Styret si innstilling til vedtak:

Ny revidert §6 avsnitt:

På årsmøtet skal følgjande saker behandlast:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste.
2. Val av møteleiar
3. Val av skrivar.
4. Val av to medlemmer til å skrive under møteboka.
5. Styrets årsmelding.
6. Rekneskap og revisjonsmelding.
7. Fastsette kursavgift
8. Arbeids/aktivitetsplan for komande år.
9. Andre saker som er med i innkallinga.
10. Godtgjersle til tillitsvalde
11. Budsjett for komande år.
- 12: Val:
 - Særskilt val av styreleiar for eitt år
 - Val av to styremedlemmer for to år
 - Val av ein varamedlem til styret for eitt år
 - Val ein revisor for eitt år
 - Særskilt val av leiar i valnemnda for eitt år
 - Val av to medlemmer til valnemnda for to år
 - Val av ein varamedlem til valnemnda for eitt år
 - Val av utsendingar til landsmøtet til Seniornett Norge

Vedtak: Endring av rekkefølga i saklista for årsmøtet vart vedtatt.

Sak 12.2: Endring av §11 Oppløysing

Seniornett Norge har mønstervedtekter, sist revidert 5.mai 2023. Lokalforeiningane er forplikta til å følgje desse. § 11 i Seniornett Førde sine vedtekter avvik mykje frå mønstervedtektene.

Styret si innstilling:

Ny §11 OPPLØYSING.

Årsmøtet kan med minst 2/3 fleirtal av stemmene vedta å oppløse Seniornett Førde. Stadfesting av vedtaket skal skje på eit ekstraordinært årsmøte etter to månader, men føre fire månader etter det ordinære årsmøtet.

Oppløysning eller nedlegging av ei foreining skal meldast til Seniornett. Eventuelle aktiva skal overførast til Seniornett med formål å styrke arbeidet med organisasjonens foreiningar. Ved fusjon mellom foreiningar skal aktiva bli i den fusjonerte foreininga

Vedtak: Forslaget om ny §11 «Oppløysing» vart vedtatt.


Sak 13: Val av utsendingar til landsmøtet i Seniornett Norge

Vedtak: Det nye styret får fullmakt til å velje utsendingar til landsmøtet i 2025.



Egil Nestande

Referent


Ann Lundekvam
Birte Bjørbæk Stensrud